



Telepost 1/2009 Oslo 19.1.2009

Gode Telelagsvener!

Eit nytt år og lysare dagar! Godt nytt år til dykk alle! Me byrja øvingane sist torsdag, den 15. januar. Skiføret var dårleg og mange nytta høve til ein svingom på dansegolvet. Det var fleire mannfolk enn kvinnfolk, så Joar lærde bort sviktsteg før kaffepausa.

Me har mange planer for aktivitetar i det nye året. Viktigast er vidaregåande kurs i springar/gangar på Drolsum 8. – 10. mai. Telekveld blir det torsdag 12. mars. Dersom du har forslag om andre trivelege aktivitetar, er det berre å legge dei fram i kaffipausen. Skiføret har blivi mykje betre men eg kan likevel på det sterkaste anbefale nokre rundar på dansegolvet. Vel møtt på torsdag i Blåsalen klokka 20.00.

Live

Årsmelding for Telelaget i Oslo for meldingsåret 1. november 2007 – 31. oktober 2008.

1. Styret, nemnder og medlemmer

Styret i Telelaget:

Leiar	Sigrid Live Horn
Nestleiar	Gunnar Johnsen
Kasserar	Aasmund Sudbø
Skrivar	Lena Haugland Moen
Styremedlem	Arna Desser

Varafolk Haldor Soleng
 Elin Daneid

Dansarnemnd: Inger Svendsen
 Karin Soleng
 Wiil Mørk

Hytteneemnd: Per Rinde

Ettersynsnemnd: Wiil Mørk
 Oddvar Walestrand

Valnemnd: Gunhild Tjønnåsdaalen

Medlemmer:

Telelaget har 44 medlemmer, av desse er det tre heiderslagsfolk: Halvard Bergwitz, Magne Myhren og Joar T. Hovda.

2. Aktivitetar:

Styret har landa på eit aktivitetsnivå omlag som det gjekk fram av arbeidsplanen frå årsmøtet 2007.

Styrearbeid:

Styret har halde 4 styremøte i meldingsåret, to føre sommaren og to etter.

.

Teleposten:

Det er kome 5 utgåver av Teleposten, desse er sende ut som e-post der me har hatt e-postadresser, elles har me nytta pengar til porto på dei resterande.

Heimeside:

Telelaget si heimeside på internett med adressa: <http://telelaget.org> er i bruk til informasjon til medlemmar og andre interessera. Den nye redaktøren vår, Haldor Soleng, har redigera og endra ein del på heimesida i løpet av året. Det er og lagt lenker hit frå sida vår i Folkemusikkatalogen.no o.a.

Utsendingar:

Live Horn møtte for Telelaget på årsmøtet i BLS. Gunnar Johnsen og Live Horn møtte på leiarmøte i BLS Elles har ikkje Telelaget hatt utsendingar til årsmøta i NU, Det norske teatret, NM, LFS eller Ørfiske vel.

Øvingar/kurs:

Det har vore 28 vanlege øvingar i meldingsåret. Øvingane har vore i Blåsalen. Me har hatt stort frammøte dette året, mellom 20 og 30 har møtt fram.

I samband med Landskappleiken var det fleire ekstra øvingar.

Vidaregåande kurs i teledans, særleg jentedans, vart halde på Drolsum 18.-20. april. Som rettleiarar hadde me Rønnaug Larsen og Olaug Slåtta. Spelemann var Øystein Hovden. Deltakarane var særst godt nøgde både med rettleiing og spel.

Nybyrjarkurset i haust har gått over 8 kveldar, kvar øving på 90 minutt. Oppmøtet har vore godt. Ungar frå barnelaget og Ungdomsringen i BLS har fleire gonger vore med å dansa fram til kaffepausa. Live Horn har vore hovudrettleiar med god hjelp av Oddvar Walestrand, Joar Hovda, Helge Tjønnås og ikkje minst Inger Svendsen, dei andre i dansenemnda og styret.

Desse har spela til dans på øvingskveldane: Kenneth de Gala, Øystein Hovden, Vidar Lande, Erik Sollid, Gunn Kristin Aasen Leikvoll, Jon Olav Lia, Huldrleiken og Loretta Kelley.

Minnekonsert for Kjetil Løndal

16. november 2007 heldt Telelaget saman med Laget for folkemusikk og Ta:lik records minnekonsert for Kjetil Løndal (1907-1987). Med på programmet var: Hauk Buen, Hallvard Bjørgum, Lillebjørn Nilsen, Kjell Midtgaard, Erik Sollid, Karin Brennesvik, Dagne og Magne Myhren og Telelaget i Oslo. Det blei eit særst vellykka arrangement med mange deltakarar.

Telekveld:

Det har vori arrangera ein Telekveld der Vidar Lande spela og fortalde om spelemannen Torleiv Frøysaa frå Aust-Agder. Tradisjonen tro var det

servering av kaffi/te og kaker. Vidar spela til dans etterpå, det var ca. 30 til stades.

Joleavslutning:

Her var det Elin Bråstøyl som kveda og Jon Olav Lia som spela. På dei fint pynta borda blei det servera kaffi, kaker, frukt og seigfolk. Det var også utlodding av ymse gåver. Det var ca. 25 til stades.

Folkedanskveldar:

Det har ikkje vori folkedanskveldar med Teledans i dette meldingsåret. Dette skuldast framleis at det er ynskje frå folkedansrådet og leikarringane i BLS om at dei bygdelaga som er med på folkedanskveldane og må vera med som tilskipar, og at det ikkje skal vera bygdedans anna enn i pausen og på eit eventuelt minikurs. I tillegg må laget sjølv betala spelemann til så vel minikurs som til "pausedansen". Dette har styret meint at me ikkje har hatt kapasitet til i år.

Turar og kappleikar:

Telelaget deltok med 5 par i Oslo kappleiken i 2007. 29.februar deltok 4 par på Markenskappleiken på Kongsberg som blei arrangera av Kongsberg spel og dansarlag.

Telelaget var også i år med på lagdansen på Landskappleiken, denne gongen i Oppdal. Me blei nummer 24 av 29 lag, med springaren vår. Spelemann var Kenneth de Gala som fekk prisen som beste dansespelemann.

Også i år var me i Tuddal i samband med bygdedagen 20. juli. Det var sju personar med på turen, og sju dansa på scena hos Knut Buen som skrytte voldsamt av oss. På Bygdetunet regna det så fælt at det ikkje blei nokon dans, men turen var veldig triveleg.

Framsyingar:

16. november i fjor dansa laget på minnekonserten for Kjetil Løndal 17. mai var det mange telelagsfolk med på dansinga på Adamstua Bo- og servicesenter, Grefsenhjemmet, Cathinka Guldberg senteret og på Damplass i Ullevål Hageby. Spelemannen Vidar Lande var med og gjorde framsyingane til eit fint innslag på høgtidsdagen. Dagen byrja hos Joar og blei avslutta heime hjå Inger og Oddvar.

1. juni var me 4 par som dansa på Bygdøystemnet. Heile arrangementet bar bod om at det kan vera greitt å anten ta ei god

pause med Bygdøystemnet eller i alle høve endre heile opplegget.
Vidar Lande var spelemann.
20. juli dansa 7 stk. på Amfien hos Knut Buen samband med bygdedagen

3. Eignelutar:

Hytta på Brenna:

I år har det vore stor dugnad på hytta. Hytta vart skrapa, såpevaska og beisa 1 strøk. Vindaug, karmar og vindskier vart måla. Uthuset vart skrapa og beisa eit strøk. Hytta og innhald blei vaska. Det blei snekra ei ny trapp til hytta.

Nå manglar berre madrassar så er hytta klar for overnatting.

Hyttetomta på Ørfiske:

Det har ikkje vore nokon aktivitet kring denne eigedomen i år. Nykelen til bommen er framleis lånt bort til Ørfiske vel som i staden har teke på seg dugnadsarbeidet i samband med eigedomen.

Hardingfelene:

Hardingfelene har ikkje vori på utlån i inneverande meldingsår.

Alle fire er no samla på ein stad.

Videokameraet:

Videokameraet til laget har kome attende og er lagra hos Live Horn.

Det norske teatret

Laget har 2 lutar i Det norske teatret.

4. Oppsummering:

Medlemstalet;

Medlemstalet er omlag som det har vore dei siste åra, men framleis har styret funne det naudsynt å sletta medlemmer som ikkje har betalt medlemspengar før meldingsåret gjeng ut. Ein må difor kunne seia at laget har ein høg aktivitet til å ha så få medlemmer.

Referat frå årsmøte i Telelaget 2008, 27.11.08 i Nordahl Brunsgt.

13 medleamar møtte.

Sak 1: Val av møteleiar, skrivar og ein til å underteikne protokollen:

Møteleiar: Gunnar Johansen

Skrivarar: Gunhild Tjønnåsdaalen og Lena Haugland Moen

Underteikne: Live Horn og Oddvar Walestrand

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste:

Godkjend utan kommentarar.

Sak 3: Årsmelding 2008: Leiaren las gjennom årsmeldinga.

Fylgjande kommentarar vart gjevne:

- Teleposten: Er det sendt Telepost pr brev til dei som ikkje har e-mail adresse? Nei, det er det ikkje. Teleposten ligg også på nettet så er det da naudsynt å sende Teleposten pr. brev?
- Elles mindre justeringar i ordlyden som er retta opp i årsmeldinga som ligg ved referatet

Årsmeldinga godkjend.

Sak 4: Rekneskap 2008: Kommentarar frå kasseraren:

Rekneskapen er revidera og funnen i orden.

Auken i inntekt på medlemsmøte skuldast i hovudsak overskott frå minnekonserten for Kjetil Løndal.

Overskotet er kr. 14836,-

Framlegg om at pengar bør flyttast frå brukskonto til kapitalkonto for å oppnå høgare rente

Rekneskapen godkjend

Sak 5: Budsjett 2009: Kasseraren gjekk gjennom budsjettet.

Forslag til endringar:

- Budsjettet for kurs bør aukas frå kr. 2000,- til 6000,-
- Danseskeid reduseras frå kr 10000,- til 6000,-
- Budsjettet for festar blei auka frå 0,- til 5000,-
- Styret fer i oppgåve å finne pris for leie av Halli kontra Blåsalen. I haust har det vore så mange på danseøving at det trengs større sal.

Budsjettet vart godkjend med små endringar.

Sak 6: Arbeidsplan 2009: Leiaren las opp arbeidsplanen.

Det nye styret får i oppgåve å gå gjennom arbeidsplanen og sette i gang dei aktivitetane dei ynskjer og fremje eventuelle nye oppgåver.

Kommentar frå leiaren:

Det bør avtalas kven som skal ha ansvar for skriving av søknader om stønad i tillegg til Inger Svendsen.

Haldor Soleng syns arbeidsplanen og budsjettet er for passivt. Telelaget bør skipa til ein stor fest, gjerne saman med andre bygdelag.

Joar Hovda kom med framlegg om å flytte jolefesten til laurdag. Andre ville heller ha ein stor vårfest.

Arbeidsplanen godkjend.

Sak 7: Gjennomgang av vedtekter/lover i Telelaget:

Styret skal gå igjennom vedtektene/lovene på neste styremøte. Gunnar Johnsen sender desse på mail til styret

Sak 8: Brønnøysundregisteret:

Det er ønske om å registrere laget i Brønnøysundregisteret. Gunnar J har ansvar for dette.

Gunnar treng: Sakliste og årsmelding m/underskrift

Kvifor skal me registreras? I framtida vil det vera eit krav at laget er registrera ved innsendingar av søknadar om blant anna stønad. Utbetaling av pengar til lag krev at man har eit organisasjonsnummer.

Sak 9: Val:

Det sittande styret og nemnder tok attval med eit unnatak. Nestleiar Gunnar Johnsen ynskte avløyning. Nytt styremedlem er Karin Soleng.

Hyttenemnda: Per Rinde sa seg villig til å ta attval saman med Oddvar Walestrand som er ny.

Valnemnd: Gunnar Johnsen valt inn saman med Gunhild Tjønnåsdalen

Valnemnda sitt framlegg til styre og nemnder vart godkjend.

Ref: Gunhild Tjønnåsdalen
Lena Haugland Moen

Kva skjer frametter vinteren/våren?

15.januar kl.20.00	Fyrste øving etter jol i Blåsalen
11-15.februar	Rauland Internasjonale vinterfestival
27.februar- 1.mars	Kongsberg marknadskappleik
12.mars	Telekveld
8.-10.mai	Vidaregåande kurs, Drolsum
13.-14.juni	Dugnad hytta på Brenna
19. eller 20.juni	Framsying Drammen teater
23-28. juni	Landskappleiken på Geilo og Ål.
Siste halvpart av juli	Tuddalstemnet

Kasseraren har ordet:

Nå er tida komen for å betale medlemspengane att.

Medlemspengane for 2009 er 350 kr, og dei kan betalast inn til konto: 2699 41 78511.

Telelaget i Oslo
Nordahl Brunsgt. 22
0165 Oslo

Det er fint om du betaler medlemspengane snarast råd. Vår økonomi vert då meir oversikteleg og forutsigbar. Ver god å gje ei melding til kasseraren dersom du av ein eller annan grunn ikkje ynskjer å halde fram som medlem, slik at vi slepp å sende ut unødvendige purringar. Ver snill og meld om adresseendringar, nye telefonnr., og til deg som fer denne Teleposten i postkassa; har du E-postadresse, gje den til Telelaget au slik at me kan spare litt porto.

Med helsing
Styre og stell